



Arkivnr: 2014/1442-104

Saksbehandlar: Anna Elisa Tryti, Ruth Ørnholt, Anne Aune, Britt Karen Spjeld, Per Morten Ekerhovd, Ronny B. Skaar

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		11.02.2015
Fylkesutvalet		18.02.2015
Fylkestinget		10.03.2015

### Premiss: Kultur - Regional kulturplan for Hordaland 2015 - 2025, museum og kulturminnevern, arkiv, kunstproduksjon og kulturformidling, bibliotek, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv - vedtak av handlingsprogram

### Samandrag

I samsvar med regional planstrategi for 2010-2014 er det utarbeidd Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025, med handlingsprogram. Planen vart vedteken einstemmig i Fylkestinget 09./10.12.14. I høve til handlingsprogrammet vart det gjort følgande vedtak i Fylkestinget:

- 2. Fylkestinget utset handsaminga av handlingsprogrammet og ber fylkesrådmannen leggje dette fram i eiga sak snarast råd, der tiltaka er tydeleg prioriterte i rekkjefølgje.*
- 3. Fylkestinget legg til grunn at kulturplanen er innanfor dei årlege budsjetttrammene og rammene i Økonomiplanperioden.*

PREMISS: KULTUR er Hordaland sin samla politikk for kultur fram mot 2025, og er fem planar i eitt. Dette samla grepet medfører naturleg nok ein handlingsplan med omfattande og mange tiltak, men likevel langt færre enn om kvar av dei fem planane skulle vore fremja til politisk handsaming kvar for seg.

Handlingsplanen til kulturplanen skal ha ein hovudrevisjon kvart fjerde år og ein årleg mindre revisjon i samband med budsjettet. Kulturplanen og handlingsprogrammet er ein nasjonal pilot, og handlingsprogrammet er eit nyttig verktøy for å samordne tiltak mellom ulike offentlege og private aktørar. Det er viktig å merke seg at kulturplanen og handlingsprogrammet ikkje er ein verksemdsplan for Hordland fylkeskommune, men som regional plan etter Plan- og bygningslova samordnande og førande for all verksemd i fylket innan kulturfeltet. Dermed er fleire av tiltaka i handlingsprogrammet ført opp med kommunar eller andre aktørar som ansvarlege. Mengda av tiltak skal løftast og gjennomførast i eit regionalt partnerskap, på tvers av avdelingar i fylkeskommunen, mellom ulike forvaltningsnivå og med både private og offentlege aktørar invitert som deltakarar.

I samråd med utvalseiar og saksordførar vart det arrangert verkstad for Kultur- og ressursutvalet, som innspel til saksførebuinga. Det vert i saka gjort greie for tenking kring prinsipp og prioriteringar som er gjort i framlegget frå administrasjonen. I forslaget til handlingsplan frå desember 2014 var det 181 tiltak, 136 av

desse var prioriterte. I forslaget som no vert lagt fram for politisk handsaming, er det 154 tiltak, 114 av desse er prioriterte.

#### **Forslag til innstilling/vedtak/avgjerd**

1. Fylkestinget vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 8-3, handlingsprogrammet til *PREMISS KULTUR: Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025*
2. Fylkestinget vedtek samla handlingsprogram for planperioden 2015-2025, med prioriteringar for første fireårsperiode 2015-2018. Handlingsprogrammet skal ha ei gjennomgåande rullering kvart fjerde år.
3. Fylkestinget legg til grunn at handlingsprogrammet er innanfor dei årlege budsjettrammene og rammene i økonomiplanperioden.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 02.02.2015**

## **Bakgrunn**

*PREMISS KULTUR: Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025*, med handlingsprogram er forankra i *Regional planstrategi for Hordaland 2010-2012*. Fylkestinget oppnemnde Nils Marton Aadland til saksordførar 13.03.2012. Planen vart einstemmig vedtatt i fylkestinget 9.-10. desember 2014. I høve til handlingsprogrammet vart det gjort følgjande vedtak i Fylkestinget:

2. *Fylkestinget utset handsaminga av handlingsprogrammet og ber fylkesrådmannen leggje dette fram i eiga sak snarast råd, der tiltaka er tydeleg prioriterte i rekkjefølgje.*
3. *Fylkestinget legg til grunn at kulturplanen er innanfor dei årlege budsjetttrammene og rammene i Økonomiplanperioden.*

PREMISS: KULTUR er Hordaland sin samla politikk for kultur fram mot 2025, og er fem planar i eitt. Dette samla grepet medfører naturleg nok ein handlingsplan med omfattande og mange tiltak, men likevel langt færre enn om kvar av dei fem planane skulle vore fremja til politisk handsaming kvar for seg.

Omgrepet *kultur* vert i planen nytta som eit samleomgrep. Det inkluderer heile spekteret i kulturlivet: museum og kulturminnevern, arkiv, kunstproduksjon og kulturformidling, bibliotek, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Handlingsprogrammet skal ha ein hovudrevisjon kvart fjerde år og ein årleg mindre revisjon i samband med budsjettet.

Det er ein nasjonal pilot å samordne så mange verksemdsfelt og å utvikle dette som ein regional plan etter Plan- og bygningslova § 8-1. Planen skal leggjast til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging i regionen (§ 8-2). I samsvar med Plan- og bygningslova omfattar planen heile kultur- og idrettsfeltet i Hordaland, også verksemd som ligg utanfor fylkeskommunen sitt ansvarsområde. Planen skal vere eit samordnande styringsdokument for alle dei tre forvaltingsnivåa og peike ut retninga for ein offensiv kulturpolitikk i Hordaland fylke.

Dette er ikkje berre er ein plan over kva Hordaland fylkeskommune skal gjere, men ein plan som søker å utvikle føringar og samordne tiltak på dei ulike offentlege forvaltningsnivåa og i høve partnarar og medspelarar i offentlig og privat sektor.

For å fremje samhandling og overordna perspektiv på tvers av sektorar, forvaltningsnivå og offentlig og privat sektor, er det utvikla handlingsprogram for fem verksemdsområder og fire felles tema. Dei fire overordna tema er: Endringar i busetnad og infrastruktur, Formidling og deltaking, Verdiskaping og Samordning og samhandling.

## **Prioriteringar i handlingsprogrammet**

I samråd med utvalsleiar og saksordførar vart det arrangert verkstad for Kultur- og ressursutvalet, som innspel til saksførebuinga i januar 2015. Administrasjonen hadde, som utgangspunkt for verkstaden, arbeidd fram eit forslag til eit revidert handlingsprogram med ei tydeleg prioritering. I forslaget til handlingsprogram, som blei lagt fram i desember 2014, var det 181 tiltak. 136 av desse var prioriterte. I forslaget som no vert lagt fram for politisk handsaming, etter politisk verkstad, er det 154 tiltak. 114 av desse er prioriterte.

Administrasjonen har lagt til grunn ei prioritering, markert med tre teikn:

- 1) Prioritert, naudsynt verksemd som skal gjennomførast
- 2) Anten prioritert til 2 ved tidsprioritering (startast opp seinare), eller ved å gje oppgåva mindre merksemd og ressursar enn tiltak markert med 1.
- 3) 0-alternativet: Ikkje rom for prioritering i den første fireårsperioden

Under både prioritet 1 og 2 er mange av tiltaka allereie pågåande. Hordaland fylkeskommune er ikkje ansvarleg for alle tiltaka. Når eit tiltak står i planen, vil dette også telje med ved tildeling av midlar innan fylkeskommunale tilskotsordningar. Oversyn over tiltak som er tatt ut (0-alternativet) og tiltak som er tatt inn i andre tiltak er vedlagt saka.

### Oversyn over tiltak

Tema og fagområde	Innsatsområde	tiltak				
		Desember-14		Februar-15		
		Totalt	Prior	Totalt	Prio 1	Prio 2
5.1 Endringar i busetnad og infrastruktur	1. Arkitektur: Urbanisering, stadutvikling, bygningar og landskap	11	6	10	5	5
	2. Arenautvikling – Infrastuktur	6	5	6	3	3
5.2 Formidling og deltaking	3. Demokrati og kulturkritikk	3	1	2	2	
	4. Digital allmenning	4	2	2	1	1
	5. Inkludering	3	2	3	2	1
5.3 Verdiskaping	6. Nynorsk kulturstrategi	3	3	3	3	3
	7. Frivilligheit	3	2	2	2	
5.4 Samordning og samhandling	8. Kulturbasert næringsutvikling/kulturnæringar	7	3	6	4	2
	9. Samhandling mellom forvaltningsnivåa	3	2	3	3	
	10. Samhandling mellom private og offentlege aktørar	2	1	1	1	
	11. Kulturregion Vestlandet	3	2	3	2	1
	12. Internasjonalisering	4	4	3	3	
	13. Verkemiddel og støtteordningar	3	3	3	3	
	14. Kompetanse	3	3	3	3	
5.5 Kulturminnevern og museum	15. Dokumentasjon	4	3	3	2	1
	16. Museumsløft	7	7	6	5	1
	17. Kulturminne som ressurs	3	3	3	3	
	18. Utvalde kulturminnekategoriar	1	1	1		1
	19. Verdsarv	5	5	5	3	2
	20. Lokalt kulturminnevern og museum	5	5	5	2	3
	21. Kulturminneforvaltning	5	3	5	4	1
	22. Tradisjonsuttrykk	5	2	6	6	
5.6 Arkiv	23. Heilskapleg samfunnsdokumentasjon	6	4	6	4	2
	24. Lokalhistorisk arbeid	5	2	4	2	2
	25. Fotobevaring	4	2	3	3	
5.7 Kunstproduksjon og kulturformidling	26. Vegen inn i kunst- og kulturlivet	6	5	5	4	1
	27. Kunstløft – det profesjonelle kunstfeltet	7	6	5	3	2
	28. Amatørkultur	3	3	3	2	1
	29. Tilgang til moderne og attraktive bibliotek	4	4	4	2	2
5.8 Bibliotek	30. Biblioteka som uavhengig møteplass og arena for offentlig debatt	4	1	3	2	1
	31. Bibliotek til barn og unge	4	2	3	1	2
	32. Digitale ressursar – tilgjenge, brukarmedverknad og nyskaping	3	2	3	2	1
	33. Lesing og formidling av litteratur	3	3	3	3	
	34. Forpliktande biblioteksamarbeid	2	1	2	2	
	35. Kompetanse i biblioteka	2	2	2	2	

5.9 Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv	36. Fysisk aktivitet	7	7	6	5	1
	37. Idrett	9	9	5	4	1
	38. Friluftsliv	13	12	8	6	2
	39. Anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv	5	5	5	5	
	<b>SUM</b>	<b>181</b>	<b>136</b>	<b>154</b>	<b>114</b>	<b>41</b>

Til slutt vil fylkesrådmannen bemerke at kultur er eit viktig politikkområde i samfunnet, på lik linje med andre samfunnsfelt som helse, utdanning, samferdsel m.v. Kultur er ein føresetnad for ei god samfunnsutvikling, livskvalitet, demokrati og deltaking. Gjennomføringskraft på alle politikkområder er avhengig av dei ressursane som vert lagt inn på feltet, ikkje minst økonomisk. Såleis vil også måloppnåing og suksess for denne planen vere avhengig av den årlege kulturpolitiske satsinga på feltet.